

Knut Ågotnes:

Korkje hengemyr eller skoddeheim

Ein kommentar til Holmquist og Terjesen

1. DEN POLITISKE ROLLA TIL LENINISMEKRITIKKEN

Boka "Stalinismen - en marxistisk kritikk" kjem ikkje ein gang i nærleiken av å vere eit standardverk om "stalinismen" og heller ikkje om "overgangssamfunnet". Til det er boka både for lite teoretisk gjennomarbeidd og for dårleg grunna i empiri. Boka var då og meint som eit innlegg i ein diskusjon. Det vi forsøkte å gjere var å stille *problemet* omkring stalinismen på ein annan måte enn den tradisjonelle (Stalinismeboka s.12). Jamvel om dei har hatt fundamentalt ulike syn på Stalins rolle, har Stalin-apologetane og -fordømmarane hatt ein viktig premiss sams, nemleg at stalinismen er leninismens ektefødde barn. Til vanleg har ein sett ein årsakssamanheng her: leninisme fører til stalinisme. Det er denne synsmåten, som tradisjonelt har verka som rettesnor (tolkingsperspektiv) ved ei nærmare undersøking av Lenins innsats, vi forsøker å vise attende. Holmquist og Terjesen meiner at boka er eit "viktig bidrag til den marxistiske litteratur". Men dersom kritikken deira treffer, blir det uråd å hevde dette. Dersom problemstillinga i boka er feil er ho lite verd som teoretisk "bidrag". Ein må då ta fatt i problemet ut frå ein annan synsvinkel. (I denne samanhengen kan nemnast at arbeidstittelen på boka var "Stalinismen - en leninistisk kritikk".)

Holmquist og Terjesen (H & T) tykkjast å meine at problemstillinga i boka ikkje er særleg solid grunna i forfattarane si overtyding. Dei legg vekt på at forfattarane var i ein *situasjon* som gjorde at dei ikke ville sjå noe hos Lenin "som kunne føre til stalinismen". Sjølv **det** teoretiske poenget i boka må då enten bli eit resultat av ei snever taktisk *vurdering*, eller så er det eit *umedvite* produkt av den gitte politiske situasjonen. I røynda var oppgjeret med AKPs stalinisme mindre

viktig enn H & T trur, i alle høve for nokre av forfattarane. Arbeidet med desse problema var ikkje berre motivert ut frå ønsket om å "skrive seg ut av AKPs teoretiske hengemyr", men kanskje vel så mykje av at vi såg det som *nødvendig* å peike på ein vei ut av (den "tradisjonelle") reformismens skoddeheim. Når vi veit kva som er den rådande ideologien i den radikaliserte delen av arbeiderklassen og i det politiske uttrykket for denne (SV), må det siste perspektivet blir det viktigaste.

Eg manglar føresetnader for å ta stilling til dei politiske innsjonane som H & T har med kritikken sin. Men uavhengig av korleis desse er, vil innlegget deira (som elles er i tråd med tidlegare reaksjonar på boka frå SV-hald) kome i møte eit sterkt ønske om å avvise leninismen som noe *forpliktande* for dei konkrete analysane og dei aktuelle politiske linjene. Særleg i dagens situasjon, når det gjeld å "styrke SV som det marxistiske revolusjonære redskapet" (Rune Slagstad i Kontrast 57) gjeld det ikkje berre å finne samlande leiarar (Steinar Stjernø, Dagbladet 30/12-75), men og rimelegvis å finne ein samlande politikk. Begrepet leninisme står for det mest gjennomarbeidde forsøket vi kjenner på å utvikle ein politikk der konkrete politiske standpunkt systematisk knyter seg til ein bestemt revolusjonær strategi, ein politikk som ein søker å formidle til arbeidarklassen som eit prinsipielt *alternativ*, dvs. i klar kampstilling til den spontane reformismen som nødvendigvis stadig på nytt blir danna i klassen. Jamvel om forsøka på å utvikle ein slik politikk tar omsyn til dei norske forholda på udogmatisk vis, vil dei likevel vere ein spire til splitting i eit kvart reformistisk parti.

H & Ts innlegg bygger i siste omgang på det tradisjonelle synet at leninismen er stalinismens opphav og vesen. Men denne måten å avvise leninismen på rår ikkje grunnen åleine på venstresida. I SV har eit meir positivt syn på Lenin vunne innpass. Dette synet tar (korrekt nok) utgangspunkt i ei avvisning av det gjengse "leninisme"-begrepet (leninisme som eit fasttømra dogmesystem) og hevdar (framleis korrekt) at det sentrale i Lenins tilnæringsmåte er den elastiske bruken av marxismen på den konkrete situasjonen (Slagstad, same stad). Ein slik tilnæringsmåte gjeld det då at vi og nyttar oss av. Konklusjonen blir då at vi skal bruke "marxismen" (som truleg her tyder innhaldet i skriftene til Karl Marx, i alle høve fell Lenins skrifter utanfor) på våre tilhøve. Desse tilhøva er fullstendig unike i forhold til Russland på Lenins tid. Det er ingen ting som tyder på at Slagstad & Co. meiner vi kan lære noe av Lenin m.o.t. *måten* ein må analysere det konkrete samfunnet på. Dei ser heller ingen grunn til å lære noe av måten som Lenin knyter dei konkrete analysane til det partipolitiske arbeidet på. (Det sentrale punktet her: den "demarkasjonslinje" som han systematisk dreg opp i forhold til reformismen i arbeidarrørsla.) Vi kan altså berre lære av Lenin at vi skal gjennomføre sjølvstendige analysar, men vi

kan ikkje overta *begrep* frå Lenin som vi kan nytte i dette arbeidet og heller ikkje den politiske tilnæringsmåten hans. Vi kan lære av Lenin at vi ikkje kan lære noe *bestemt* av Lenin. "Dette er 'leninistisk', i Lenins ånd" (Rune Slagstad, same stad). Slik vil dei rydde grunnen for ein åpen, udogmatisk, "revolusjonær" marxisme som skulle passe for dei fleste SV-medlemmer.

Desse synsmåtane speglar situasjonen til den marxistiske venstre fløya i SV. På den eine sida kan ein dyrke den allmenne marxismen ("Kapitalen"). På den andre sida blir det uråd på systematisk vis å gripe til historiske erfaringar med sikte på å utvikle ein *bestemt* revolusjonær politikk, som nødvendigvis må bli eit *alternativ* til den kursen som partiet styrer i dag. Eit uttrykk for dette er at formuleringa av ein slik politikk blir skoten ut i framtida, medan ein m.a. viser til at den konkrete, sjølvstendige "leninistiske" analysen først må utviklast. I røynda går det ei grense her for aktiviteten til venstre fløya i SV som ikkje kan overskridast om ein skal kunne skaffe seg "tillit", få "innverknad" i partiet osv., og (noe som er avgjerande for tilliten) om ein skal kunne hjelpe til med å "styrke" partiet. Eksistensen av denne grensa blir underslått i leninismens navn. Som eit ytterligare legitimeringsgrunnlag for å arbeide i SV, søker ein å framstille *partiteorien* til Lenin som sin eigen. Ein legg her all vekt på *ei* side ved denne, nemleg einskapen mellom partipraksisen og arbeidarklassens faktiske kamp. Men for Lenin er det avgjerande at denne einskapen må etablerast *samstundes* som ein fører ein uforsonleg kamp mot reformismen i arbeidarklassen. Dersom ein underslår dette, vil det bli vanskeleg å forstå heile den bolsjevikkiske partihistoria: forholdet mellom bolsjevikar og mensjevikar (reformistane i det russiske sosialdemokratiske partiet) blir mystifisert. Det er mensjevikane som for det meste har størst oppslutning mellom arbeidarklasse, det er dei som mest direkte bygger politikken på dei idear og aspirasjonar som faktisk er til stades i klassen. Her er det "einskap" med klassens kamp. Det er ut frå dette vi må forstå dei ulike kombinasjonane av organisatorisk samarbeid og ideologisk kamp som karakteriserer bolsjevikane sitt forhold til mensjevikane. Eit organisatorisk brot med mensjevikane ville i lange periodar ha ført til ei isolering av bolsjevikane. Men samstundes som Lenin måtte unngå dette, måtte han systematisk søke å utvikle eit alternativ til politikken til mensjevikane. Lenin blei då og, ikkje berre mellom mensjevikane, men i heile den europeiske arbeidarrørsla, også på venstresida (Rosa Luxemburg), oppfatta som splittingsmakar og sekterist. Ut frå SV-venstre sitt syn må vel denne oppfatninga ha mykje for seg.

Denne "positive" måten å tolke leninismen på gjer han på ein effektiv måte uforpliktande og med det ufarleg for einskapen til det reformistiske partiet. Ved at ein underslår sentrale sider

ved Lenins måte å drive politikk på, nett dei sidene som har konsekvensar for politikken i dag, blir Lenin-diskusjonen abstrakt og steril, ein trekker ut eit par allmenne prinsipp, medan det blir unødvendig å studere den konkrete historiske innsatsen til Lenin. I så måte har tilnæringsmåten til H & T meir å gi. For dei blir det nettopp nødvendig å gå inn på det faktiske teoretiske og praktiske grepet som Lenin har på røyndommen: dei legg opp til ein reell diskusjon. Dette inneber likevel ikkje at tilnæringsmåten deira er uproblematisk. Det er vesentlege feil ved denne, noe som fører til at konklusjonane deira blir galne og også til dels sjølvmotseiande. Eg skal forsøke å vise dette i det følgjande. Eg går då ikkje inn på alle dei spørsmåla som H & T sveipar innom og der eg er usamd med dei. I staden vil eg forsøke å trekke ut det som best illustrerer tilnæringsmåten deira og konsekvensane av denne.

2. OM TEORIENS ROLLE HOS LENIN OG STALIN

H & T hevdar at når forfattarane av Stalinismeboka ikkje er i stand til å fatte kontinuiteten mellom Lenin og Stalin, grunnar dette seg på ein metodisk ulik handsaming av desse to som historiske personar. Dei meiner at det er visse allmenne prinsipp som gjeld ved analysen av handlings-situasjonar. Det er her snakk om ulike *nivå* som inngår i situasjonen. For den handlande blir generelt dei politiske valalternativa bestemt "av den konkrete analyse av den konkrete situasjon, strategien for sosialismen, taktikken og de konkrete historiske forhold selv." (s.170) Her kan vi skille ut eit *teoretisk nivå*. Dette vil H & T *allmennt* gi eit visst sjølvstende. Det vil innebære at teoretiske føresetnader er til stades og verkar på same måte både hos Lenin og Stalin. H & T hevdar så at boka ikkje drøftar Stalins teoretiske føresetnader, slik at ho underslår eit moment som må bli sentralt i analysen av Stalins politiske handlingsval. (Desse teoretiske føresetnadene er leninismen.) *Samstundes* hevdar dei at boka gløymer den *materielle* forankringa for politikken til Stalin. Vi "glemmer at det teoretiske arbeidet bare er RELATIVT selvstendig." (s. 169) Poenget tykkjest å vere at boka framstiller Stalins politikk som eit konsekvent uttrykk for ei allmenn teoretisk oppfatning, og at Stalin kjem fram til denne oppfatninga uavhengig både av Lenins teoriar og av "de konkrete historiske forhold selv." På den måten blir brotet mellom Lenin og Stalin eit brot *i teorien* i følgje Stalinismeboka.

Dette er med respekt å melde tøv. Vi hevdar ikkje at brotet skjer *i teorien*, men at det er snakk om eit brot *med* teorien, altså at det skjer ei *endring* i teoriens plass i partiet sin praksis. Vi går altså ikkje ut frå ein *allmenn*, overhistorisk teori om det teoretiske nivået sin status. Vi hevdar at det relative sjølvstendet som teorien faktisk hadde hos Lenin blir borte under

Stalin. Handlingsvala til Stalin blir ikkje på noen vesentleg måte påverka av dei teoretiske synsmåtane hans. Den bruken han gjer av marxismen er *instrumentell*, han nyttar teorien til å legitimere handlingsval som er bestemt av kortsiktige omsyn av maktpolitisk karakter. Vi hevdar at teorien blir skilt frå den politiske praksisen, at han blir eit slag "overbygg", at han mister sin vitenskapelege karakter og får ein ideologisk karakter, at det hos Stalin ikkje er snakk om noen reell "konkret analyse av den konkrete situasjon". Det er noe slikt som dette ein til vanleg meiner når ein snakkar om at marxismen blir legitimasjonsvitenskap. H & T meiner og at marxismen blir legitimasjonsvitenskap hos Stalin, men ikkje hos Lenin. Men korleis kan ein hevde at dette skjer hos Stalin, når ein samstundes går ut frå at Stalin hadde eit teoretisk syn på bygginga av sosialismen, som rett nok var gale, men som var forpliktande for den politikken han førde? Og korleis kan ein gjere skilnad på Stalin og Lenin her når ein meiner at teorien fungerte på prinsipielt same måten hos dei begge?

Ut frå det ovanfor skisserte synet blir det ikkje særleg relevant å diskutere Stalins marxismeforståing eller generelle teoretiske føresetnader. Dette blir hos Stalin teoretiske finesar som spelar ei svært lita rolle for den politiske utviklinga. Det er underleg at H & T har oversett dette poenget i Stalinismeboka (sjå t.d. s.17-20, 154-56). Dei tilvisingane som dei har til boka på dette punktet er til eit kapittel der forfatteren uttrykkeleg seier frå om at dette problemet ikkje skal handsamast. Rett nok finst det i dette kapitlet noen formuleringar som legg oppp til H & Ts mistydingar. Nå *kan* det vere på sin plass å ta for seg Stalins teoretiske ytringar. Dette er fordi dei er *uttrykk* for ein bestemt politisk praksis, ein praksis som dei skal *rettferdiggjere*. Ein ideologikritisk analyse av desse ytringane vil difor kunne *kaste lys over* denne praksisen. Opprettholdinga av den rette "leninistiske" læra har i seg sjølv ein viktig legitimasjonsfunksjon hos Stalin. Men dersom den politiske praksisen endrar seg vesentleg, vil ein ikkje kunne halde fast korkje på ånd eller bokstav i den opphavelige teorien utan at eit mistilhøve mellom teori og praksis kjem til syne. Stalin må difor endre teorien. Ut frå dette kan ein hevde at ei samanlikning mellom teoretiske ytringar hos Lenin og Stalin, jamvel om det teoretiske "arbeidet" hos den siste ikkje inngår som ein viktig *føresetnad* for politikken, men tener til å rettferdiggjere ein politikk som alt er lagt fast ut frå andre omsyn, kan sei oss noe om viktige endringar i den politiske praksisen.

Her er vi framme ved det andre hovudpunktet i kritikken så langt: spørsmålet om den materielle forankringa av stalinismen. H & T tykkjest å ville dytte på oss den oppfatninga at Stalin greier å "vaksinere" partiet mot ideen om arbeidarmakt v.h.j.a. sine evner

som propagandist for ei anna oppfatning. Noen annan forklaring gir nemleg ikkje boka på kvifor diskusjonen om sosialismen ikkje kunne livast opp att i 30-åra, då dei materielle vilkåra på nytt låg til rettes for sosialistiske framstøytar. Heller ikkje desse påstandane er korrekte. Ein kan hevde at det er ein av dei store veikskapane ved boka at ho ikkje på ein *systematisk* måte maktar å gjere greie for korleis dei økonomiske og klassemessige forholda verkar inn på utviklinga i bolsjevikpartiet, korleis klassekampen slår inn i partiet og gjer det til eit parti av ein ny type, og korleis det utviklar seg ein annan politisk praksis i dette partiet, ein praksis som Stalin blir den fremste talsmannen for. Men ein kan ikkje hevde at dette ikkje blir *diskutert* i boka! Det er jo ein av hovudproblemstillingane! Heile kapittel 4 er t.d. ein freistnad på å vise dei mekanismane som verkar i partiet og som faktisk gjer det til eit anna parti. Det blir gjort eit forsøk på å vise at det teoretiske arbeidet endrar karakter og blir undertrykt *gjennom* og som eit *resultat* av denne prosessen, at det mister sin "autonomi" både relativt og på alle andre tenkelege måtar. Det blir ikkje hevda at denne utvikling er eit resultat av Stalins teoretiske *oppfatningar*, vi forsøker etter beste evne å vise til moment av samfunnsmessig karakter. Det er likevel eit faktum som har historisk forklaringsverdi at Stalin personleg aktivt arbeidde for denne om-danninga av partiet. Men heilt eintydig er likevel ikkje den rolla som han spela her. "Reint teoretisk" har han eit visst grep på situasjonen, han åtvarar stundom mot den utviklinga som er i gang (Stalinismeboka, s.141-42). Det avgjerande spørsmålet er difor ikkje om det er noe i veien med Stalins *intellektuelle* evner, slik H & T vil ha folk til å tru at vi meiner (s. 170). Det var dei politiske evnene som ikkje strekte til. Der-som Stalin ville leie partiet, kunne han ikkje identifisere seg med *noen* annan tendens enn den som sigra i partiet. Det blir difor eit heilt underordna poeng kva for ei "privat" marxisme-forståing Stalin måtte ha hatt. Denne forståinga er så allikevel ikkje leietråd for politisk handling. Frå den allmenne, nesten metafysiske teorien om den relative autonomien til det teoretiske nivået utleier H & T påstanden om at partipraksisen under Stalin må forståast ut frå ein "dialektikk mellom Lenins teori og de materielle forhold." Dette må tilbakevisast. Materielle forhold (inkludert organisatoriske) må her praktisk talt åleine bli forklaringsprinsipp. Det er mogeleg at dette er feil. Men dette kan berre avgjerast ved å gå inn på dei historiske forholda. Ein må undersøke konkret om teorien spe-lar den same rolla for politikken under Lenin og Stalin. H & T løfter problemet opp på eit høgare abstraksjonsnivå og drøfter det i universelle termar. (På sitt mest abstrakte hevdar dei at også revolusjon er ein form for kontinuitet. Då er det også ein kontinuitet mellom tsaren og Lenin: den første er ein føre-setnad for den andre. På dette planet er eg samd med H & T i at det er ein kontinuitet mellom Lenin og Stalin, at det er 'noe' hos Lenin som fører til stalinismen... .)

3. OM STRATEGI OG TAKTIKK

Dersom vi held fast på at politikken blir teoriløs hos Stalin, må dette innebære at forholdet mellom strategi og taktikk også blir eit anna: taktikken mister sin systematiske forankring i strategien. H & T meiner som vi har sett at politikken *ikkje* blir teoriløs hos Stalin, følgjeleg er forholdet mellom strategi og taktikk i prinsippet det same hos han som hos Lenin. Dei seier vidare følgjande: 1) Taktikken får forrang framfor strategien straks etter revolusjonen. (Dette tykkjast å vere ein av føresetnadene for den "såkalla" stalinismen). 2) Dette strategiske perspektivet til Lenin (som er gale og som også fører til stalinismen) er leietråd for taktikken.

Om det ikkje nett er ei sjølvmotseiing til stades her, så er ein i alle høve her garantert å bli forvirra når desse tesene skal nyttast i analysen. Grunnen til dei vanskane H & T her får er den uklære og galne oppfatninga dei har av begrepa strategi og taktikk. Dei seier, korrekt nok, at det ikkje er eit utleingsforhold mellom strategi og taktikk. Strategien gir perspektiva for taktikken, men taktikken har eit visst sjølvstende, som heng saman med at han er knytt til dei gitte sosiale forholda. Ein ville tru at dette måtte føre til ei viss "oppmjuking" av strategien, men dette meiner H & T tydelegvis ikkje. Det verkar som dei meiner at dei elementa i taktikken som ikkje er bestemt av strategien har uvitenskapeleg, ja ikkje-teoretisk karakter. Taktikk som ikkje følgjer direkte av strategien blir då ført tilbake til individuell dugleik: ei evne til å manøvrere riktig i forhold til gitte politiske mål. (Det er elles berre på dette planet at H & T finn noen skilnad mellom Lenin og Stalin.) Nå har taktikken på *ein* måte alltid "forrang" hos Lenin. Det er ikkje først etter 1917 at han står oppe i situasjonar der han er tvinga til å handle og der handlingane ikkje gir seg på ein enkel måte ut frå strategien. Men dette inneber ikkje at taktikken blir *teoriløs*.

Lenin opererer ikkje med abstrakte strategiske prinsipp som skulle vere heva over politikken, ha ein prinsipiell "forrang" framfor taktikken. Han hevdar som kjent at "den teoretiske kjerna i marxismen er 'den konkrete analysen av den konkrete situasjonen'". Ein slik analyse kan ein ikkje trylle fram ved å bruke dei allmenne teoretiske begrepa på empirien på ein enkel måte. Det inngår ei viss sjølvstendig begrepsdanning i desse konkrete analysane som gjer at taktikken blir teoretisk grunna, utan å vere direkte *avleia* av allmenne prinsipp. I neste omgang får den nye teoretiske innsikta konsekvensar for *strategien*. Slik får ein ein elastisk "dialektikk" mellom strategi og taktikk, som sikrar at nye sosiale forhold ikkje uformidla slår inn i og endrar teorien, eller at politikken blir endra utan at dette blir teoretisk reflektert.

H & T opererer med eit altfor skarpt skilje mellom strategi og taktikk til at dei kan få tak på dette. Dei tykkjast å vere inspirert av noen av dei kjeldene dei nyttar seg av (Rabehl, Wolter). Desse legg til grunn at Lenins strategiske tenking spring ut av ei "marxismeforståing" som Lenin tileigna seg i 1890-åra ut frå spesielle (russiske) ideologiske føresetnader. Denne forståinga dannar ei *absolutt* ramme for den teoretiske og praktiske aktiviteten til Lenin, og fører med ein urokkeleg logisk tvang til visse konkrete teoretiske og politiske standpunkt. Såleis heiter det hos Rabehl: "Den oppfatninga at den marxistiske teorien er ei hypotese om kapitalismens allmenne utvikling, og at denne teorien difor gir oss ein disposisjon for systematiseringa av det konkrete empiriske materialet i eit bestemt land, *måtte* få Lenin til å oppfatte "Kapitalen" som ein slik allmenn disposisjon som kronologisk framstilte dei kapitalistiske økonomiske formene fram til aksjekapital og som med det og attspegla konkret dei reelle økonomiske formene i dei enkelte landa." (Rabehl: Marx und Lenin, Westberlin 1973, s.271). Dette fører i følgje Rabehl til at Lenin innordnar den russiske røyndommen under skjemaet i "Kapitalen". Han kan difor ikkje analysere dei spesifikt russiske klasseforholda. Han kan då heller ikkje utvikle ein adekvat taktikk. Ei slik oppfatning av forholdet mellom teori og politikk hos Lenin fører til at ein konsentrerer seg om den abstrakte teorien som ein framstiller som ein statisk og klart definert storleik. Kjenner vi grunnoppfatninga kan vi så *dedusere* oss fram til korleis Lenin *måtte* oppfatte den konkrete situasjonen, korleis han *måtte* handle. Ein konsekvens av dette er at vi ikkje treng å undersøke dei mange konkrete analysane til Lenin i samanheng, for gjennom *dei* å finne den strategiske oppfatninga, ei oppfatning som i røynda er i utvikling. Ein oppfattar den allmenne teorien som ein praksis-uavhengig, gitt storleik som likevel bestemmer kjernen i den politiske praksisen, i staden for å sjå den allmenne teorien både som ein føresetnad for den konkrete analysen *og* som eit resultat av denne. Ut frå eit slikt syn vil ein, som H & T, kunne hevde at rett nok kan Lenin *justere* teorien, men ikkje *endre* han. "Marxismeforståinga" blir jo verande den same. Rabehl er noe meir nyansert her. Han meiner at situasjonsforståinga til Lenin har ei reell og positiv innverknad på strategitenkinga før 1917. Klassekampens spontane ytringsformer tvingar då fram ei meir prinsipiell nytenking. Etter 1917, då dei spontane kampene til arbeidarar og bønder dør ut, kjem denne "korrekturfaktoren" stadig meir i bakgrunnen. Difor blir realpolitikken meir direkte bestemt av den feile strategien og konsekvensen blir: utviklinga går i klart negativ lei.

H & T er også på dette punktet uklår. Dei meiner følgjande to ting samstundes: 1) "Etter revolusjonen tok dialektikken mellom Lenins teori og de materielle forholdene en retning som ikke førte til sosialismen." Altså ein *negativ* tendens. Dette må

innebere at den justeringa av teorien som i følgje H & T fann stad ut frå dei endra forholda gjer teorien mindre god i forhold til sosialismen som oppgåve. (Likevel seier dei at Lenin på slutten greidde å problematisere forholdet mellom parti og klasse. I dette tilfellet blir det det synet som Lenin har i 1918 (!), som legg grunnlaget for stalinismen.) 2) Dei ser noe *positivt* i Lenins "taktiske finesser", i den evna han har til å "justere teorien etter nye forhold." Stalin har ikkje denne evna. Difor kan vi lære noe positivt av Lenin, medan Stalin berre kan gi oss negative røynsler. Lenins evne til å manøvrere meir smidig, til å spela meir intelligent med brikkene sine enn Stalin, skal altså vere eit positivt eksempel for oss. Lenin opererer taktisk klokare ut frå ei strategisk målsetting som i følgje H & T går stikk i mot interessene til arbeidarklassen! Lenin må ha vore ein dyktigare stalinist enn Stalin sjølv og i dette stykket skal vi forsøke å ta etter ham.

Meir vesentleg enn spørsmålet om kven som var den flinkaste taktikaren, må spørsmålet om taktikken deira over tid *verkeleg* utgjorde ein praksis som la vilkåra til rettes for bygginga av sosialismen vere. *Klasseinnhaldet* i den politiske praksisen er det sentrale. I denne samanhengen er det mindre viktig om denne praksisen fullgodt er sett på begrep (om noen skulle meine at noe slikt er mogeleg). I tilbakeblikk er det lett nok å sjå at Lenin ikkje hadde ei teoretisk forståing som var tilstrekkeleg i forhold til alle grunnproblema i samband med bygginga av sosialismen. Han hadde heller ikkje ein systematisk analyse av den gitte samfunnsformasjonen grunna på kategoriane i den politiske økonomien. Men han hadde ei generell forståing av grunnproblema på klassekampens "nivå", jamvel om klasseanalysen ikkje til ei kvar tid var patent. Det avgjerande er likevel at han var i stand til, ikkje berre å korrigere kursen fortløpande, men til å utføre analysar som i bestemte situasjonar inngjekk i ei prinsipiell *revurdering* av sjølve utviklingstendensen. Spørsmålet blir då om desse revurderingane faktisk førde til ein riktigare politikk. Som vi har sett svarar H & T både ja og nei på dette spørsmålet.

Men Lenin dreiv ikkje med politikk åleine. Skulle sosialismen kunne byggast måtte *partiet* ha ein viss "kvalitet". Men partiet var påverka av "negative" sosiale krefter. Ved ei vurdering av Lenins rolle må ein her ta stilling til om han stødde dei tendensane som truga med å gjere partiet ute av stand til å løyse dei oppgåvane som bygginga av sosialismen heile tida ville stille. H & T meiner tydelegvis at han gjer det, og viser til handsaminga av arbeidaropposisjonen i 1921. Dei seier at arbeidaropposisjonen ikkje makta å sameine den prinsipielt riktige kritikken sin med forslag til praktiske tiltak. (Apropos: korleis kan ein *kritikk* vere riktig når det ikkje følgjer realistiske forslag av han?) H & T er uklære også her, men dei tykkjest å

meine at avvisinga av kritikken frå arbeidaropposisjonen var eit uttrykk for eit *allmennt* ønske om å undertrykke den teoretiske debatten. Dei store vanskaner som ein hadde med å føre ein strategisk rett politikk, gjorde ei slik undertrykking lettare: "... i det øyeblikket taktikken fikk forrang for strategien stivnet den teoretiske debatten" (s.169). For det første er det ikkje slik at den teoretiske debatten stivna plutselig. (jfr. t.d. industrialiseringsdebatten). Men det avgjerande er at ein ikkje kan *forklare* at den teoretiske debatten endra karakter korkje med subjektive ønskemål eller ut frå ein "dialektikk" mellom strategi og taktikk forstått som abstrakte storleikar. På nytt er det det stivbeinte og skarpe skiljet mellom strategi og taktikk som spelar H & T eit puss. Strategi er for dei ein allmenngyldig plan for bygginga av sosialismen. I Russland gjorde så dei vanskelege forholda det nødvendig å handle *på tvers* av denne planen. Det må vere dette dei meiner med at taktikken fekk "forrang", på ein slik måte at også den strategiske diskusjonen blei skuva i bakgrunnen. Men strategien kan vel ikkje vere noe anna enn grunnlaget for og samanfatinga av den politikken som det er *nødvendig* å føre. Det er trass alt i den verkelege verda at sosialismen skal byggast.

Også når det gjeld spørsmålet om teoriens rolle i partiet ser vi at H & T legg analysen opp på eit for abstrakt plan. I staden for begrep som "taktikkens forrang" må ein her gå ut frå slike ting som den smale klassebasisen for partiet, den indre maktkampen og dei problematiske klasseforholda som bestemte denne kampen.

4. OM SOSIALISME OG STATSKAPITALISME

Det sentrale argumentet i innlegget til H & T er at Stalin arvar ei feil strategisk oppfatning frå Lenin. Utviklinga i Russland er eit resultat av "dialektikken" mellom denne oppfatninga og dei vanskelege materielle forholda. Det tykkjast som om dei meiner at det skjer ei endring i dei materielle forholda som har forklaringsverdi her; "... vi har antydnet hvordan stalinismens materielle grunnlag vokste fram under Lenin" (s.178), men det er vanskeleg å finne ut kva for endringar dei her meiner er viktige. Det dei er ute etter er då og *teorien*: "Stalinismens røtter må finnes i Lenins teorier og praksis." Det er dette heile artikkelen er ute etter å vise. Stalin tar over frå Lenin eit strategisk syn og med det ein måte å løyse problema på som ikkje kunne resultere i eit sosialistisk samfunn. Så enkelt er i røynda problemet for H & T.

Korleis er så dette synet? "Lenin ... betraktet ... den kapitalistiske formen for samfunnsmessiggjøring av produktivkreftene som den eneste mulige. Dermed må fra begynnelsen av politikken for transformasjonen av samfunnet være basert på falske premisser." (s.172, siste setningen er henta frå Rabehl). Kopt ned endå litt

blir argumentet slik: Lenin meiner eigentleg at kapitalistisk og sosialistisk økonomi fundamentalt sett er det same og han kan difor heller ikkje bygge sosialismen.

Eg har ovanfor forsøkt å problematisere ein slik deduktiv (utleiings-) tilnæringsmåte når ein skal forklare politikken. Det er ein forklaringsmåte som bygger på eit alt for mekanisk syn på forholdet mellom strategi og taktikk, mellom teoretisk tenking og politiske problem og røynsler. Men dersom det er eit meir elastisk forhold mellom teoretisk forståing og praktisk politikk hos Lenin, slik eg har hevda, kan ein heller ikkje utan vidare vente å finne eit logisk stringent sett av teoretiske grunnreglar. Noe slikt finn ein då heller ikkje hos Lenin. Dersom ein forsøker å lese dei ulike skriftene til Lenin litt systematisk, vil ein bli slått av at Lenin er uklår og tvetydig på mange punkt, og som alt nemnt, at viktige sider ved sosialismeens problem i det heile ikkje blir tatt opp. Noen ferdig "plan" for sosialismen har Lenin ikkje. Men mot synet til H & T (s.169) vil eg hevde at den teoretiske innsikta som Lenin hadde var eit brukande *utgangspunkt* for bygginga av sosialismen. Det avgjerande spørsmålet er om Lenin var i stand til å utvikle denne teoretiske innsikta i rett lei med grunnlag i dei reelle problema.

Utgangspunktet for Lenin i 1917, slik ein kan finne det uttrykt i "Staten og revolusjonen" eller i "Vil bolsjevikane halde på makta?" er, som H & T seier, at proletariatet må skaffe seg kontroll med økonomien gjennom den økonomisk-administrative delen av det borgarlege statsapparatet, som ikkje blir "knust" gjennom revolusjonen. Det *problemet* som i denne samanhengen blir det sentrale hos Lenin, er det reint konkrete: å halde oppe/få i gang produksjonen av livsnødvendige goder. Å gjere framlegg om å "knuse" den økonomisk-administrative delen av statsapparatet i 1917 ville være den villaste utopi. Lenin seier seinare at når han snakka om statskapitalismen var "... den praktiske målsettinga alltid viktig for meg" (LCW 33, s.472). Men, som H & T viser, Lenin snakkar i denne samanhengen også om bygginga av sosialismen, og her kan det verke som om han meiner at sosialismen = sterkare utvikla produktivkrefter under den gitte organiseringa av økonomien, d.v.s.: han har ein teori om at statskapitalisme automatisk går over til sosialisme. Men dette tyder at sett ut frå *produksjonsforholda* blir statskapitalisme og sosialisme det same.

I boka til Bettelheim, som H & T viser til, kan ein finne ei nyansert drøfting av statskapitalismebegrepet og korleis dette utviklar seg hos Lenin. Her skal berre nemnast nokre moment for å vise at synet til Lenin både er meir samansett og riktigare enn det H & T vil ha det til. Dette er likevel ikkje eit avgjerande punkt i kritikken av H & T. For jamvel om Lenin hadde meint at statskapitalisme = sosialisme, så ville ikkje dette gjere han

til grunnleggaren av stalinismen, sidan brotet mellom Lenin og Stalin ikkje er eit brot *i* teorien, men *med* det teoretiske arbeidet sjølv.

I følgje H & T er sosialisme for Lenin eit spørsmål om politisk kontroll med økonomien. Denne må rett nok utøvast gjennom eit statsapparat som *politisk* sett er av ein annan type enn før, men som ikkje etablerer kvalitativt nye relasjonar til økonomien. Denne kontrollen fører difor ikkje til vesentlege endringar i sjølve måten å produsere på. Lenin forstår ikkje den indre lov som er sær eigen for kapitalismen. For han skjer samfunnsmessig-gjeringa av produksjonen under sosialismen på same måte som under kapitalismen. Difor konkluderer H & T slik: "Sosialismen vil altså uproblematisk vokse ut av den kapitalistiske produksjonsmåten, kapitalismen må bare administreres på en ny måte" (s. 173).

Ikkje på noe tidspunkt, heller ikkje i 1917-18 meiner Lenin dette. Først må det understrekast at han aldri *identifiserer* statskapitalisme med sosialisme. Det er heile tida snakk om statskapitalismen som eit steg, ein etappe på vegen mot sosialismen. Statskapitalismen er eit steg framover *i forhold til dei økonomiske tilstandane som rår i Russland*. I 1917-18 uttrykker han seg likevel på ein slik måte at det verkar som om *overgangen* til sosialisme skulle kunne gå føre seg nesten automatisk. I kontrast til dette står understrekinga hans av at *klassekampen* held fram under proletariatets diktatur. Jamvel om han i 1917-18 ikkje drøfter dette i samband med overgangen frå statskapitalisme til sosialisme, så er han då som elles heilt klår over at sosialisme tyder endring av *produksjonsforholda*, og ikkje at ein annan klasse får kontroll over økonomien ved hjelp av eit "økonomisk" statsapparat av same type som det borgarlege. Såleis er det i "Staten og revolusjonen" ikkje berre snakk om "rekneskapsføring og kontroll". Det heiter og at denne kontrollen skal utøvast av "væpna arbeidarar, av heile det væpna folket" (LCW 25, s.478). Jamvel om Lenin ikkje drøfter problemet i polit-økonomiske termar, så er slike ting som arbeidarklassens *direkte* kontroll med økonomien, og opprettinga av nye økonomiske relasjonar gjennom den skapande aktiviteten til massane, grunnleggande trekk ved Lenins syn på kva sosialisme er. Dette har med kvalitativt nye produksjonsforhold å gjere. (Sjå t.d. LCW 27, s.241; 31, s.188; 32, s.247, 29, 249, 1965-66 utgåva.)

At Lenin meiner at "rekneskapsføring og kontroll" korkje etablerer ein sosialistisk økonomi eller er eit tilstrekkeleg vilkår for at ein slik økonomi skal vekse fram, skulle det følgjande sitatet frå mai 1918 vise: "For tida rår ein småborgarleg kapitalisme i Russland og det er *ein og den same vegen* som fører frå denne og til *både* stor-industriell statskapitalisme og til sosialisme, gjennom *ein og den same* mellomstasjon som vi kallar "nasjonal rekneskapsføring og kontroll med produksjon og distribu-

sjon." (LCW 27,s.340, Lenins understrekingar.)

Ser vi på kva Lenin meir allmennt seier om kapitalisme og sosialisme, vil vi også her få ein peikepinn om at Lenin ikkje har eit slikt syn som H & T vil tillegge han. Såleis seier han i 1908: "Det er ingenting som er meir feil enn det synet at nasjonalisering av jorda har noe sams med sosialisme. Sosialisme, veit vi, tyder avskaffing av vareøkonomien Så lenge som varebyte eksisterer, er det latterleg å tale om sosialisme" (LCW 15, s.138). Nå kan ein hevde at dette ikkje lenger er relevant etter at Lenin skreiv "Imperialismen", der han hevdar at framveksten av monopolkapitalismen fundamentalt endrar kapitalismens vesen. H & T tar utgangspunkt i ei slik tolking og konkluderer slik: "Kapitalismen har i imperialismen gått inn i den statsmonopolistiske fase. Å utvikle denne statskapitalisme til sosialisme hindres bare av at monopolene opprettholder sin makt med vold. Denne makt må møtes og slås med vold". (s.172). Med andre ord:det er berre ei *politisk* endring som skal til. I 1919 polemiserer Lenin sjølv mot eit slikt syn: "... dersom vi hadde ein integrert imperialisme framfor oss som fullstendig hadde endra kapitalismen, ville oppgåva vår vore hundre tusen gonger lettare. Det ville ha resultert i eit system der alt ville ha vore underordna finanskapitalen åleine. Det ville då berre stått att å fjerne toppen og overføre det som var tilbake til proletariatet... . I røynda er utviklinga slik at vi må handle på ein heilt annan måte. *Imperialismen er eit overbygg over kapitalismen.* Når han bryt saman, finn vi at vi har å gjere med øydelegginga av toppen og frilegginga av fundamentet" (LCW 29, s.168, Lenins understreking). Difor heiter det også i utkastet til nytt partiprogram same året: "Det viktigaste særtrekket (ved det borgarlege samfunnet) er vareproduksjon basert på kapitalistiske produksjonsforhold" (same stad, s.119). Altså: Knusinga av makta til monopola gir oss *kapitalismen* å hanskas med.

Det er ikkje meininga her å tillegge Lenin ein *annan* allmenn og statisk oppfatning enn den H & T opererer med. Skal ein verkeleg bestemme kva begrepet: "statskapitalisme" tyder hos Lenin, må ein gå inn på dei *problema* som partiet stod framfor og dei ulike former for praksis som det forsøkte å løyse problema gjennom. Det er på *denne* bakgrunnen at det utilfredsstillande, uklåre og tvetydige i begrepa til Lenin må forståast. Ein kan ikkje "... nøye seg med å samanlikne "kapitalisme" med "sosialisme" på ein abstrakt måte og la vere å studere dei konkrete formene og stadia i den overgangen som finn stad i samfunnet.. . ." (LCW 27,s.341).

Den vurderinga av Lenin som H & T legg fram, liknar svært på synsmåtar som visse venstrekommunistiske teoretikarar gav uttrykk for i mellomkrigstida. Såleis seier Mattick i 1935: "Det var i hovudsak berre som taktikar at han (Lenin) skilde seg frå

teoretikarane i den II. Internasjonalen... . Han sikta aldri mot noe meir enn ei endring i herrødmmeforholdet over produksjonsmidla" (Sitert i: M.Linder: Reification and the Consciousness of the Critics of Political Economy, Rhodos 1973, s.142-43). Hos Mattick, Korsch, Pannekoek o.a. var likevel Lenin-kritikken knytt til eit revolusjonært perspektiv. Når liknande synsmåtar i dei siste åra er lagde fram, ofte i meir utarbeidd form (som i boka til Rabehl; den artikkelen som er teken med i dette Vardøgernummeret er meir "leninistisk", her set Rabehl den teoretiske forståinga inn i den historiske samanhengen på ein meir korrekt måte), er den politiske motivasjonssamanhengen meir uklår. Men den politiske *funksjonen* til denne kritikken er derimot meir eintydig: resultatet kan berre bli ei tilsløring av skiljet mellom revolusjonær og reformistisk politikk.

CRITIQUE

A JOURNAL OF SOVIET STUDIES
AND SOCIALIST THEORY

CRITIQUE, 31 Clevedon Road, Glasgow G12 0PH, Scotland

Editor: Hillel Ticktin

Advisory Editorial Board: Ernest Mandel, Mihailo Markovic, Pierre Naville, Peter Sedgwick

Annual Subscriptions (2 Issues): Inland £1.20
Overseas \$3.50 (Back Issues \$2.00)

Contents of No. 1 includes:

Jiri Pelikan: Workers Control in Czechoslovakia
Hillel H. Ticktin: Towards a Political Economy of the USSR

James D. White: Historiography of the Russian Revolution in the Twenties

David H. Ruben: Godelier's Marxism

Contents of No. 2 includes:

Hillel H. Ticktin: Political Economy of the Soviet Intellectual

Mary McAuley: Political Change Since Stalin

David S. Law: The Left Opposition in 1923

Jan Kavan: Czechoslovakia 1968: Workers and Students

David H. Ruben: On Dialectical Relations

Contents of No. 3 includes:

Ernest Mandel: On the Transitional Economy and Reply to Ticktin

R. Selucky: Marxism and Self-Management

C. Goodey: Factory Committees in 1918

A. Dyer: Milyukov's Foreign Policy

M. Cox: Detente

D. Law: Corruption in Georgia

Contents of No. 4 includes:

M. Holubenko: The Soviet Working Class Opposition

J.-L. Dallemagne: Justice for Bukharin

G. A. E. Smith: The Political Economy of The Reforms

D.-H. Ruben: Materialism and Professor Colletti

M. Brinton: Factory Committees in 1918—A Reply

Contents of Nos. 5, 6, 7 will include:

M. Cox: The Politics of the Dissenting Intellectual

B. Koski: The Situation of Women in Poland

Adam Buick: The Myth of the Transitional Society
Left Communist Theses of 1918

A.Z.: Hungary — the Myth of the Reforms

Gorev: Russian Literature and the Jews—A Translation

R.B.: Anti-Semitism and the Soviet Union

G. Kay: On the Falling Rate of Profit

S. Meikle: The State and the Transitional Period

D. Filtzer: Preobrazhensky's Theory of Consciousness in the Transitional Period

Igniatovic: Culture in Yugoslavia

H. H. Ticktin: Soviet Society and Prof. Bettelheim